

Stutt om bakgrunnen:

Første vinteren etter at han var dømd til døden, heldt Eivind seg i ein kjellar hjå Ivar og Synneva Mo i Mosøyane i Lærdal. Rykta om at Ivar og Synneva hyste ein fredlaus person, hadde teke til å gå, og ei natt kom lensmannen og drengen hans til husmannsplassen

Nokre ord er merkte med stjerne. Desse er forklara etter forteljinga.

Ei bergingsvon

Men Eivind låg ikkje i senga si. Han var på vilt tan innover Råsdalen.

Det var mørkt, og stigen var ujamn og steinut, men han hadde berre ein tanke. Å halde seg unna lensmannen. Eivind tykte han kjende pusten hans i nakken.

Noko so trongt og mørkt som desse Lærdalsdalar! Men etter kvart som Eivind kom lenger inn i dalen og nærma seg dei snøkvite fjell, vart mørkret mindre tett. Månen stod i né, no kasta han litt sylvskimmer over dei høgste toppane. Eivind fylgde stigen, bakke opp og bakke ned.

Han fann att skiene han hadde gøymt då han var innover for å prøve dei. Han fata dei med seg medan han sprang.

Ved eit åmot* tok Eivind til venstre. Oppunder ein berghamar fann han fram børsa si. No hadde han nok å bera på, og han orka ikkje springe so fort meir. Han var aldri i tvil om at lensmannen var like etter han. Det var berre som eit under at han ikkje hadde nådd han att.

Der dalen flata seg ut og svinga mot høgre att, stogga Eivind ein augneblink. Når lensmannen kom, ville han fara lettaste lei. Då var det nok best om Eivind tok ei anna lei. Og han tok til venstre oppover lia mot ein sidedal. Øydalen skulle vera namnet, etter det Ivar hadde sagt.

Noko so bratt som desse Lærdalslier, tenkte han no. Pusten gjekk som ein smiebelg, og hjarta hamra vilt i bringa. Beina var steintunge. Han var våt av sveitte, det var berre so det rann etter rygg og kjakar. Og slik som det svei i augo. No nytta det ikkje lenger, bora tvang han i kne. På ein snøberr flekk mellom trea stupte han i gruve og vart liggjande. Han var heilt sprengd. Han tenkte nok på lensmannen, men no måtte han kvile. Om so lensmannen stod over han, ville han ikkje orke å reise seg no.

Men etter kvart kjende han at det sitra ei glede gjennom kroppen. Han hadde greidd å koma seg unna! Kanskje han likevel var fødd med sigersluva*, slik som morfaren hadde spådd. For dette var eit makelaust hell.

Han hadde lagt seg til å sova, glad og nøgd over at heimturen stod for døra.

Men tankane heldt han vak. Han tenkte på nattemørkret og måneskinet og alt dette som måtte slå til om han skulle koma seg usett av stad. Til slutt greidde han ikkje halde seg i ro lenger, han måtte opp i eldhuset og dra lemmen ifrå.

Og kva såg han? I lykteskinet stod to karar ved stova til Ivar og Synneva. Kunne det vera lensmannskarane? Det var neppe tjuvar, dei leitar seg ikkje fram med lykt.

Då hørde han det redde målet til Synneva før ho slo døra att, og dei to som dundra og slo i døra, og ropte på i lovens namn. Det kunne ikkje vera tvil, det måtte vera lensmannen og drengen hans!

No kom det fart i Eivind. Sakene var pakka saman, men støvlane måtte snørast, og då han prøvde å koma ut gjennom skjolet, var revlane ikkje til å rikke. Han opp att i eldhuset og ut der medan lensmannen endå var i stova.

Men koss ville det gå med Ivar og Synneva dersom lensmannen fann gøymestaden hans? Det måtte aldri skje! Han inn att i eldhuset, og med ukjende krefter greidde han å rulle barkekjeraldet etter logga* bort i kråa og opp på revlane som låg over nedgangen. Litt barkelåg skvalpa over, det var so, men der stod karet. Og det skulle lensmannen få prøve seg på! Frå gluggen i eldhuset såg han lensmannskarane på veg inn i fjøset. Like etter var Eivind på sprang bortover moane.

Men kvifor kom lensmannen på nattetid? Skulle han pante for skatt eller leite etter tjuvegods, hadde han kome i dagslys. Når han kom på nattetid, måtte det vera i von om storfangst. Han måtte ha fått eit varsel. Snart ville han nok koma mannsterk innover dalen. Saman med morgongryet, om ikkje før.

Eivind var framleis skjelven i knea då han krafsa seg vidare oppover. Heldigvis hadde skaren fastna so mykje at han bar. Og endå var han ikkje hardare enn at foten fekk feste.

Han kravla seg oppover, men det gjekk seinare etter kvart. Skaren var no so hard at det var nesten uråd å få fotefeste, og lia var stupende bratt. Børa var so tung at ho ville dra han attover. Han måtte gå på alle fire, hente seg fram frå trelegg til trelegg. Hadde det berre vore ei flate imellom! Han såg seg omkring, oppover og nedover, men berre bratte lia. Det var litt bjørkeskog iblant, det var heile hjelpa. Men trast no vart visst skogen gisnare.

Visst var børa tung, men det var ei god bør. Skreppa med småsaker, og reinskinna, var for ingen ting å rekne. Men skiene var tunge. No angra han at han ikkje hadde vore flinkare med øksa og med høvelen. Det fekk no so vera. Kom han berre opp liene, var det skiene som skulle bera han over dei snøkvite flyene. Børsa var aller tyngst, men ho var viktigare enn noko anna, både til verje og vei-ding.

Det dagast etter kvart. Han var trøyt og sliten. Rett nok hadde han ikkje nistemat og trong inga tid til å eta. Men det var godt med ei kvil likevel, og han unte

seg det. Frå kvilestaden kunne Eivind sjå rett ned i dalbotnen nedunder. Det var ingen lensmann å sjå.

I dagmilda mjukna skareskorpa. Det vart lettare å finne feste for foten. Han streva seg stadig oppover. No berre nokre få mælingsstenger* mellom kvar kvil. Men han tenkte på regla om sniglen som kappsprang med haren, og som vann. So kravla han seg eit nytt lite tak oppover.

Det vart brattare og brattare. Han hadde nok ikkje vore heldig med vegvalet. Is-svull hekk i dei verste stupa. Skulle han gjera vendereis og leite etter ei anna lei?

Men han beit seg fast, han klora seg fast og kravla seg stadig høgare. Han hogg tollekniven i isen og snøen og skar seg små trinn i dei verste stup so han kunne få feste for foten. No rekna han framgangen i alner. Men han drog seg vidare. Alltid litt høgare.

Og medan han hekk etter armene i eit bjørkesveg og drog seg oppover bratta, måtte han smile med seg sjølv. Han tenkte på den gongen han som gjetslegut fekk ein mannevond stut etter seg. For å berge livet flaug han rett på gavlveggen i ei gamal lu i stølsmarka. Stokkane var oppsprokne etter mange solvarme sumrar. Der fekk han feste for fingrane og drog seg oppover, heilt opp i raustet, medan stuten stod nedunder og bora og bar seg. No klatra han i ein høgare vegg. Stuten var ikkje å sjå, men snart ville han nok koma, lensmann Ola Andersson. Og på andre sida av fjellet stod det vel ein annan stut og venta.

Svolten plaga ikkje stort. Han kjende seg uvel ved tanken på mat. Det var verre med tyrsten. Kvifor drakk han ikkje vatn der nede, der vatnet rann i ei diger å? No åt han snø og is, men det hjelpte so lite. I kvilestundene tok han snø i neven og klemde nokre vassdropar ned i koppen sin. Det var godt, men so altfor lite.

Om att og om att spurde han seg sjølv kvifor han var so veik i armar og bein. Kvar hadde styrken vorte av? Hadde han reint rotna bort i den mørke kjellaren?

Endeleg flatna lendet. Ein dal opna seg austover. Han tok på seg skiene, for skaren var ikkje so hard lenger. Men jamen var skiene glatte. Og børa tung.

I kveldinga sat han under ein heller inne i dalen. Han var so sliten, so sliten. Det var utsyn mot alle fjell, men no sokk dei inn i skyming og mørker. Eivind tykte det var heller hustrer*, men brennefang fanst ikkje. Svolten tok til å plage han. Han åt meir snø, men det stal so mykje varme. So tok han hudskoia på beina og sveipte reinsskinna kring seg so godt det lét seg gjera. Han dorma av iblant og tenkte på dagen han hadde bak seg og dagane som skulle koma. Og han tenkte på reinen som han skulle skyte.

Om natta syntre reinen seg for han. Med ei veldig hornkrone stod han og såg på Eivind, kom i møte med han. Eivind kunne kjenne koss han blés i nasane. Det var ein kald gufs. Sistpå kom reinen heilt bort til Eivind og gav seg til å sleikje han

i panna. Den tunga var både skarp og kald.

Då Eivind rådde or svevnen, gråna det av dag. Han fraus ille, og han hadde vind og drevsnø rett mot panna.

Han var støl og stiv etter slitet dagen før. Det verka i kroppen. Tarmane skreik etter mat og strupen var turr. Han grov fram sakene sine frå snødrivene. Støvlane var fulle av snø og harde som horn. Det var ikkje råd å få dei på.

Ja vel, so kunne han gå i hudskor. Han tok støvlane i skreppa.

Men han kom ikkje so langt. Vêret tvang han bort i ei lygne.

Han tenkte på den store reinsbukken som hadde vist seg for han om natta. Det var sikkert eit godt mark. Han tok fram lotyet frå skreppa si og såg etter at alt var godt innpakka. Han reinska børselåset for snø. So tømde han eit mål med krut ned i røyret og støytte ei kule på plass. Til slutt la han krut på fengpanna.

Skulle han skyte eit skot, so han kunne vera viss om at krutet var turt?

Men han tenkte på smellet dersom lensmannen skulle vera i nærleiken, og han tenkte på lotyet. Ein skulle ikkje koste skot på ingenting. So lét han det vera. Men han gledde seg til å koma bukken på skothald.

Utpå dagen gav han seg i veg att. Men vinden hadde ikkje spakna. Eivind var tung i beina og sår over akslene der han kava seg gjennom snødrev og kastevind.

Han trudde nok at han kunne gå innover Øydalen og slik koma opp til Halingskei og Fødalen. Men han måtte undrast over dei bratte motbakkane. Hadde han mista leia?

Han stogga ved ei bratt bergufs. Tenk om han hadde gått utover denne. Det var på tide å tenkje seg om og vente til vêret besna.

Han fann seg ei lygne og gav seg til å bie. Han tenkte på helleren der han sov siste natta, der var det lognare. Og derifrå visste han leia. Men kvar var han vel no?

Timane sneгла seg sakte forbi. Han våga ikkje sova. Han var frosen og kald. Alt tidleg på kvelden høyrde han ein ulv som tuta. Eivind var ikkje redd. Ulven var langt borte, men her inne i fjellet likte han ikkje tanken på ulv. Men ulven kunne vera eit godt mark, for då var det nok rein i nærleiken.

Det vart ei drugsam natt. Kjølða åt seg inn på han, når han slik måtte halde seg i ro. Det var som om ho hogg etter han. Han slo floke og hoppa heldehopp for å få litt varme i kroppen. Snødrevet varde ved, det var helst so at vinden auka på.

Mange gonger kjende han at svevnen heldt på å sige innpå. Den gode varme svevn! Men svevnen, hadde Viggeir sagt, det er døden for den som har vingla i fjellet. Eivind tenkte ogso på det ulveulet som han hadde høyrte i mørkret. Tanken på ulven gav styrke til å stå imot. Ulven måtte ikkje finne han sovande.

Han tenkte på all den gode mat som fanst på bordet i Gudbrandsgard. Han tenkte på graut og mjølk. Han tenkte på matgjerd*. Han tenkte på blodklubb* og

steikt flesk og på flatbrødsoll med rømmemjølkk. Magen skreik etter mat.

Han var so trøytt, so trøytt. Det var nett som om tankane sveiv bort for han, fór med vinden og vart borte i snødrevet.

Då hørde han eit nytt ulveul ute i natta. So eitt til, no nærare. Det skar gjennom marg og bein. Skulle dette bli slutten for han, Eivind Olson frå Gudbrandsgard? Han måtte nesten le. Kvifor all denne røming frå lensmenn både i aust og i vest, når han skulle døy av frost og svolt og rivast av ulvetenner?

Vinden friskna på. Snødrevet stod tettare. Nye ulveul lydde, no nære ved. Men no ropde han attende ut i mørkret. Eit rop om seg sjølv, til seg sjølv.

– Enno er eg ikkje død!

Og han reiste seg opp, hoppa og slo floke. Og for kvart ulveul som lyddest, huga han ut i mørkret. Han kvakk nesten av seg sjølv. Det var som udyrsul det med, som ul i redsle, som ul i trass. Han ula so stygt at håret reiste seg i nakken på han. Det gav ein varme i bringa som han ikkje trudde fanst, eit mot som han trudde var borte. Og han heldt fram med å hoppe og kava og ule, medan vinden tuta og timane sneгла seg forbi.

I grålysninga stilna vinden, og snødrevet gav seg. Støl og stiv og forfrosen stavra han i veg. Han stemnde opp på ei høgde like ved. Der stod han og såg fjellheimen gråne fram. Kvite fjell, høgde bakom høgde, i alle leier. Somme stader svartna det i ufser og urder. Elles var alt berre kvitt. Kvar var no sør og nord? Mellom drivande skyer greidde han omsider å skimte ein bleik liten månesigd. Han måtte vel stå i nordvest? Og den gryande dag, den vesle lysninga i himmelranda. So klårt, der var søraust!

So gav han seg i veg. La løypa der han tykte lendet var lettast. Han var tung i beina og trøytt, men no var han på veg. I dag skulle han koma seg over fjellet, koma seg inn i bua i Haslehiet. Men fyrst skulle han skyte rein. So stauka han på.

Utpå dagen flatna lendet. Himmelen hadde klårna, og sola skein. Ei veldig, kvit flate breidde seg ut framføre han. Kunne det vera Øljuvatn?

Eivind var so trøytt, so trøytt. Men etter ei kvil tenkte han:

– Dersom dette er Øljuvatn, då er Lungsdalen nære ved. So sleit han seg vidare.

Der stod han på brotet mot eit dalføre som stemnde mot sør.

– Ja visst, sa han til seg sjølv, der nede ligg Lungsdalen.

Dalen opna seg for han, drog i han, baud han velkomen. Han kunne kjenne sola varme, og han kjende ei von som voks i bringa.

Og der nede i hallet på ein avblåsen rand stod ein reinsdyrflokk! Dei fleste stod stille i sola. Men somme dyr reksta fram og attende og grov i snøen. So gav ogso

dei seg til å stå stille i sola.

Eivind kraup nedover langs bakkebrotet. Då han var komen på høveleg skot-hald, valde han seg ut eit dyr, sikta og trekte av.

Men det kom ingen smell.

Då trongst det nok å skifte krutet på fengpanna. Han ordna med dette, sikta på nytt og drog av, men ingen smell no heller.

So pussa han holet inn i kammeret, og gnei krutet i handloven før han fylte det på fengpanna. Det hjelpte likevel ikkje. Det berre klikka.

Kva skulle han finne på? Han var ihelsvolten, og der var det nok kjøt. Han ville fara opp, renne etter, veide med kniven.

Han summa seg litt. Det var ved omtanke at viltet var veida gjennom tusentals år, ikkje ved tankeløyse eller rå kraft. Han hadde vel enno evne til å bruke vetet?

Han laga seg eit spjut ved å binde kniven sin fast i enden av skistaven. So sette han utover fjellsida, beint mot dyrehopen. Men det skrapa litt i snøen, og med leiarreinen føre flaug flokken rett mot nordavêret.

Dette hadde Eivind rekna med. Slik var det mønsteret reinen alltid fylgjer når han blir skræmd. Eivind svinga difor mot høgre og stod i veldig fart ned mot flokken som no var på vilt flog i lang, lang rekkje. Han var som ei spend stålfjør då han nærma seg. Snart ville han køyre spjutet sitt i ein rein.

Då lugga skiene i tett drevsnø. I sin iver hadde ikkje Eivind ansa på dette. Trøytt og utsliten som han ogso var, stupte han framover skiene og vart liggjande i gruve. Reinsflokket flaug opp mot fjellkammen i nordvest.

Eivind vart liggjande. Lenge. Han var oppøst over det som hadde hendt. Og han kjende seg etter kvart so endelaust trøytt og motlaus. Mjå i knea sleit han seg oppover etter børsa og skreppa si. So gav han seg i veg nedover dalen.

Ein korp flaug opp. So ein til. Kva kunne vel korpen finne å leva av no vinters-tid? Det kunne vel ikkje vera anna enn mus eller lomhund. Eivind måtte bort og sjå.

Ein reinsdyrskrott låg under ei ufs. Kvit og avplukka stakk beingrinda opp. Snøen var hardtrakka og blodraud omkring. Her hadde mange fuglar fått føde. Fuglar og firbeinte dyr. No såg han ulvespor rundt om.

Og bortpå ein haug i nærleiken svinsa ein gråbein.

Skulle han koste på kule og krut? Å nei, ikkje var gråbeinen so mykje verd, og ikkje var han i stand til å losne skot.

Og for han var det nok ingen ting å hente her. Han snudde skiene ned mot dalen att, men kom seg ikkje i veg. Tenk om det hadde funnest ei lita kjøtslintre som han kunne leggje i gryta? Berre litt, so mykje at han kunne berge livet.

Han tvika. Då såg han at ulven kom luskande nedover.

Skulle vel han, Eivind, vike for ein gråbein?

Og før han visste ordet av det, stod han sjølv og reiv og sleit i beingrinda for å sjå om han kunne finne noko som var etande.

Han fann det. Den bogen som dyret låg på, hadde frose fast i snøen og var nesten urørd. Eivind sleit og drog til han fekk snudd dyret på andre sida. Med kniven sin greidde han til slutt å få losna bogen. Han kjendest god og tung i nevane då Eivind stod nedover bakkane.

Han var so trøytt at han stupte over dørstokken i bua på Oddestølen. Det var litt brennefang ved åren, men inga gryte. So laut han prøve å greie seg utan. Han slo eld, og då det meste av veden hadde brunne ned, la han ein tunn hellestein over glohaugen. Etter ei stund skar han tunne kjøttfliser av bogen og la bortpå. Han kunne sjå koss kjøtet tina, og han kjende kor godt det dufta når kjøtskavet krulla seg i varmen. Han stakk ein pinne i kjøtet for å snu det. Men han kom ikkje so langt. Før han fekk tenkt tanken, kvarv kjøtbiten i munnen hans. Eivind skar fleire fliser, og det gjekk på same måten. Straks kjøtet tok til å krulle seg saman i varmen, snappa han det til seg. Han var som ein fugleunge. Straks han får mat, gaper han etter meir.

Han sovna på krakken der ved åren, men vakna til att medan det endå fanst glør. Snart loga det opp på nytt.

Reinsdyrbogen hadde tina no. Han flådde skinnet av og skar av klauvene. So hengde han bogen i skjerdingen*. Logen sleikte oppover kjøtet.

Han var so tyrst, so tyrst. Han åt snø, det hjelpte eit bel.

Steinbua var kald. Om han brende opp all den ved som fanst her, ville det visst aldri bli varmare. Og aldri ville visst denne reinsdyrbogen bli steikt.

Han smakte på kjøtet iblant. Men slik kost var nok ikkje god for magen. Rett som det var, måtte han utom veggen for å slite seg.

Dagen etter bar han krakken utom buadøra og sette seg i sola. Han døsa og dorma, men kjende at det stod eit kaldt drag innanfrå dalen.

Eivind såg at det var ei råk i isen der Fossebrekka fell ut i Iungsdalsvatnet. Han visste at isen var utrygg rundt ei slik råk, men han greidde ikkje stå imot. Tyrsten dreiv han, han måtte bort for å drikke. So stod han der og drakk seg utyrst. Venta eit grann og drakk seg utyrst eit par gonger til.

I kveldinga kveikte han ny eld på åren og steikte vidare på reinsdyrbogen. Røyksvart og stygg hang han i skjerdingen, og røyk og sot smakte det av han. Han hadde skrumpa inn etter kvart. Det hadde tollekniven og varmen vore saman om.

Det var kaldt og skumt inne i bua, men kleda var turre no, og svolten plaga ikkje so mykje lenger. Han hadde hug til å leggje seg på krakken og sova.

Men kor lenge ville den vesle kjøtmålen vara? Og kva skulle det bli til etterpå?

Når veden var oppbrend og snøen rotna? Når elvane voks og isen losna frå land? Det kunne bli slik at han ikkje kom nokon stad. Han var utan skikkeleg loty. Kva ville det hjelpe om so all den rein som fanst kom ned i Iungsdalen?

Han sov eit bel. Utpå natta tok han ut. Skaren var sterk, og skiene glei godt. Han stavra seg av garde som best han kunne.

Komen sør under Stolsnuten heldt han til høgre og la leia mot vest, over dei store vatna. Han fylgde det djupaste draget i lendet. Han kjende seg lite huga på motbakkar.

Sola rann. Føret vart tråare, og all styrken i armane var borte. Omsider kom han ned i bjørkeskogen, der var snøen lausare og føret endå tyngre. Ved ei stølsbu sette han seg ned i solveggen. Han visste ikkje kvar han var, og brydde seg ikkje om å veta det heller. Han la til rette nokre vedstrangar og sovna straks han halla seg nedpå. Ved solegladsbel vart det kaldare, og han vakna opp, støl og stiv av den harde lega.

Det gjekk lenge før han skjønte kvar han var og kvar han skulle. Dette var berre ein kvilestad. Han hadde vel eit mål, det var vel ei mening med denne turen med? Ja visst, målet var Breidokk, med den store skogen full av ved og ei gryte som han kunne koke i.

Forkomen stod han ved buaveggen. Han venta på at den tunne skareskorpa skulle fryse til berande skare. Han åt litt meir av reinsdyrbogen og tenkte at det var då mat, sjølv om det berre smakte eld og røyk. Han togg kjøtet so godt han kunne og trudde at det då ville stanse lenger i magen. Men like etter kasta han opp att saman.

Han prøvde skiene, men skaren bar ikkje. So sette han seg ned att på vedstrangane, med skiene på beina og med kjøtknoken i handa. Slik sovna han på nytt.

Utpå natta sjoar det i skaresnøen. Ein skiløypar kjem ruslande i skogbandet. Kven kan det vera, no på nattetid? Hit på stølen er det nok ingen som har ærend denne tida på året. Denne tida på døgret. Han går iallfall forbi.

Men litt bortanfor stansar han. Lyder. Maken til rare låt! Det må vel vera eit dyr. Men det kan ikkje vera hare. Og ikkje rev. Kan det likevel vera ein fugl? I sitt lange liv i skog og fjell har han aldri høyrte maken. Dette må han sjå.

Slik hender det for andre gong etter at han vart fredlaus, at Eivind vert vekt opp or svevnen av eit anna menneske. Han fer opp, men stuper framover med det same, fordi føtene sit fast i tåbanda på skiene og skiene står på berr mark. Då han omsider kjem seg på føtene att, står denne framandkaren og ler av han.

– Meiner eg ikkje at han Eivind Olson sit her og søv. Ja, du er godt budd til å røme frå lensmannen, du som søv med ski på beina. Aldri har eg møtt nokon som var like godt førebudd på røming. Han ler og han ler.

Eivind raudnar og ergrar seg. Men han veit etter kvart at dette målet kjenner han, dette er ingen lensmann eller lensmannsdreng. Det er Ola Knutson frå Randestølen, han som bar so tunge førbørar at det var uråd å fylgje han. Eivind står berre og tek mot låtten og godlætet.

– Eg heiter Asle Larsson, stotrar han.

– Ja, nettopp. Det hadde eg gløymt, svarar Ola, og ler på nytt.

Dei svallar litt saman. Eivind vil ikkje la Ola skjøne koss han har det, men etter ei lita stund seier Ola:

– Eg tenkjer du lyt bli med meg ned på Randestølen. So skal du få litt mat og medstell. Hugsar eg ikkje feil, har du slåtteløn til gode hjå meg. Denne årstida er det ingen som driv med snarefangst eller som har andre ærend innover åsen her, so du kan vera trygg hjå oss.

Dette kom fort på. Eit hell so stort at det ikkje var til å fatte.

– Og kvar har so du vore, no på nattars tid? spurde Eivind, so liketil som han kunne.

– Jau, eg var i Vats ein tur, og so vart eg heftan litt på Skardsgarden. Eg la veggen lenger innpå åsen enn eg plar, for å unngå småskogen. Difor kom eg her forbi.

Eivind fekk godt medstell. Guri Olsdotter laga ei skål med varmt sø til han. Det smakte godt. Men han hadde ikkje ete mange munnfullar, so måtte han utom veggen.

– Er det so krent med deg? sa Guri, medan ho gjorde i stand ei seng oppå slindane so han kunne få lagt seg.

– Kvila vil nok gjera deg godt, sa ho. Og so får du tyggje litt flatbrød, men berre ein liten bit iblant, og ta deg ein spon* med surmjølksbreste til, helst av det tunne, og lenge mellom kvar spon, so besnar du nok til att.

Det tok tid før Eivind kom seg att. Maten ville ikkje stanse i han, og då tek det tid å kråne og koma seg til krefter. Ille var det ogso med munnsår og utslett i andletet.

– Du har site for lenge i mørkekjellaren, sa Ola, uvandt med lys og luft.

Guri gav han mager kost og vyrdsla vel om han, so han kom seg etter kvart. Han fekk att mathugen, og sov om nettene. Det var slik ro der på Randestølen, ein god kvileplass for ein fredlaus.

Ein dag elda Ola badstugu. Medan dei sat i badstugu, Eivind og Ola, fortalde Eivind om vinteren i Lærdal og om heimturen.

Ola sa:

– Det må ha vore ein hard vinter for deg. Du ser meg ut som ein føringsgamp. Men når det gjeld fjellet, kan eg gje deg eit godt råd. Du må ikkje møte fjellet

med overmot. Den som prøver å tukte fjellet, han blir sjølv tukta, og det hardt!
Du må stryke fjellet med hårlaget, ikkje imot.

Kjem du ut i dårleg vêr, må du søkje livd, ikkje leite etter dei avblåsne toppane.
Framfor alt må du gje deg tid om det trengst.

Du kan takke deg sjølv for at du er i live, din eigen klokskap. For det er svevnen
som er den farlegaste fienden. Hadde du sovna, ville nok utgangen ha vorte ein
annan.

Guri stelte med kledda til Eivind. Eivind tok sjølv fram syl og skinnreimar og gav
seg til setja i stand fotbunad og skinnklede. Etter kvart vart han til hjelp for Ola
att, med vedhogst og anna småarbeid slik det fall seg etter årstida.

Då han gjorde seg i stand til å fara, sa Ola:

– Neste gong du treng hjelp, vil eg vone at du finn vegen ned til Randestølen på
eiga hand. Her er døra alltid open for deg. Eg vil ikkje oftare finne deg forkomen
oppi åsen.

– To gonger hittil har du og Guri berga livet mitt, svara Eivind. So eg står i stor
gjeld til dykk båe. Tak no dette fiskegarnet som ein takk.

– Du kunne vel få bruk for det sjølv?

– Eg har då eit par til, smilte Eivind.

Tilbake til hovudsida